



Sjøfartsdirektoratet  
Postboks 2222  
5509 HAUGESUND

Dato: 06.02.2014  
Dykkar ref.:  
Vår ref.: 2014/2-13

## Avklaring på krav til maritime vidaregåande skular vedkomande STCW-konvensjonen

Hordaland fylkeskommune har tre vidaregåande skular og to fagskular som driv maritim fagskuleutdanning, og ønsker å få be om ei avklaring i høve til nye krav i STCW-konvensjonen for dei maritime vidaregåande skulane. Etter endringar i STCW-konvensjonen forstår ein no at dei maritime vidaregåande skulane også skal vere sertifisert av Sjøfartsdirektoratet, og ha godkjente kvalitetssystem. Med bakgrunn i dette ønsker vi ei avklaring på følgjande:

- Vert det no stilt dei same krava til eit kvalitetssystem for dei maritime vidaregåande skulane som for dei maritime fagskulane?
- Kva betyr det at dei offentlege skulane kan søkje om unntak for krav om sertifisert kvalitetssystem?
- Må dei maritime vidaregåande skulane ha årleg revisjon av eit klasseeselskap?
- Vil Sjøfartsdirektoratet gjennomføre revisjon ved dei vidaregåande skulane?

Dei nye krava i STCW-konvensjonen vil, avhengig av omfang, få konsekvensar for bruk av kvalitetssystem og budsjettmessige tilhøve. Vi håpar derfor å få ei snarleg tilbakemelding på desse spørsmåla.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Linda Farestveit  
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.